# Litani for dei forfølgde

Tekst: Eyvind Skeie
Musikk: Galib
Korsats: Vidar Hansen
Til nynorsk: Norunn Stendal Aksnes

Leiar:







Alle:







Leiar:




L: For alle dei som er trua på livet,/
for dei som er på flukt eller i fengsel,/

for alle dei som er offer for tortur,/
for alle som lever i einsemd og redsle,/
høyr vår bøn.

Alle: Du som vart krossfest...

L: For dei som har mist sine gudshus/
og er fråtekne sine biblar,

Jesus Frelsar, ta i di omsorg alle born i kristne familiar./
Send dei hjelparar når dei er trua./
Høyr vår bøn.

Alle: Du som vart krossfest...

L: For dei kristne over heile jorda,/
at dei må kjenne seg eitt med kristne sysken som lid.

For styresmakter og makter som undertrykkjer og forfølgjer,/
at dei må bøye seg for rettferda og søkje sanningskjeldene./
Høyr vår bøn.

Alle: Du som vart krossfest...

L: Å Gud, skap forsoning mellom folka,/
og lat arbeidet for menneskevernet ha framgang.

Å Gud, må di kyrkje vere sterk under krossen,/
og må vitnemålet frå dei forfølgde leie forfølgjarane til Jesus./
Høyr vår bøn.

Alle: Du som vart krossfest...

L: Heilage Ande, lat oss halde fast på den gode vedkjenninga/
til Jesus Kristus kjem!




Alle: Du som vart krossfest,
Herlegdommens Herre,
ver hos dei forfølgde,
miskunne deg.